



Sondre Stall
Stallavegen 146
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1872 - 14/20582

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
10.09.2014

Innvilga reduksjon av gebyr etter søknad - gbnr 7/15 Stall

Det vert vist til din søknad om reduksjon av gebyr i saka, motteke her 21.01.2014.

Lindås kommune beklagar lang sakshandsamingstid.

I saka er det ilagt gebyr på kr. 7 500,- for handsaming av dispensasjon og kr. 12 900,- for hansaming av rammeløyve. Gebyra er gjeve med heimel i Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013.

Vurdering:

Det vert vist til punkt A.4 i gebyrregulativet som seier at «når særleg grunn ligg føre, kan det søkast om redusert gebyr».

I søknaden er det vist til «Pga svært lang svartid på rammesøknad ved første innsending.
- Masse feil og rot i saken som har kostet meg masse tid og pengar.
Har i samtaler tidligere med byggesak blitt informert om reduksjon i pris på avgift pga disse tingene.»

Administrasjonen har hatt ei gjennomgang av saka. Det vart gjeve løyve til frådelling av tomta i vedtak datert 09.05.2012. Dispensasjon for deling vart handsama i vedtaket. Då bygging ikkje var teke med, så måtte tiltakshavar på nytt søkje om dispensasjon i samband med byggesaka. I tillegg til dette vart tomta frådelt, utan at ein hadde føreteke vurdering av rasfaren i området, av føretak med nødvendig kompetanse på fagfeltet. Dette vart såleis eit krav som tiltakshavar vart påført i sjølve byggesaka, noko som burde vore avklart på tidspunkt for deling.

På bakgrunn av dette og ei heilskapleg vurdering av saka har administrasjonen funne grunnlag for å setje ned gebyret med kr. 7 500,- i denne saka.

Vedtak:

Med heimel i Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013 punkt A.4 vert det gjeve kr. 7 500,- i redusert gebyr.



Klagerett:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Sondre Stall

Stallavegen 146 5993

OSTEREIDET